



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:  
2010/248888-014

Dykkar referanse:

Vår dato:  
19.09.2014

### Uttale - Høring og offentlig ettersyn av kommuneplanens arealdel

Vi viser til e-post sendt frå Meland kommune 01.07.2014 med framlegg til ny arealdel av kommuneplanen. Vi viser også til kopi av brev sendt frå oss til Fylkesmannen i Hordaland, dagsett 11.09.2014. Brevet til Fylkesmannen gjeld dei merknadane til kommuneplanen som Statens vegvesen rår til at det vert fremja motsegn til. Nedanfor følgjer andre merknader frå oss til planframlegget.

Ein av dei overordna strategiane i planframlegget er at hovudtyngda av ny utbygging skal skje i den sørlege delen av kommunen. Omsynet til samordna areal- og transportplanlegging er førande for denne strategien. Meland kommune er ein del av den felles bu- og arbeidsmarknadsregionen i Bergensområdet. Det er ei overordna nasjonal transportpolitisk føring at veksten i persontransport i Bergensområdet framover skal skje i form av gåing, sykling og kollektivtransport. Statens vegvesen vurderer at planframlegget ivaretek dette omsynet på ein god måte.

Som nemnt i brevet sendt til Fylkesmannen vurderer Statens vegvesen at deler av planframlegget kjem i konflikt med viktige nasjonale målsetjingar knytt til trafikktryggleik. Dette gjeld særleg for utbyggingsområde langs fv 564. Planen inneheld rekkefølgekrav knytt til trafikk sikring før vidare utbygging langs fv 245 på strekninga Fosse-Håtuft-Ådland. Vi stiller spørsmål ved kvifor det ikkje er stilt tilsvarende krav for utbygging langs fv 564 der fylkesvegen i dag har låg standard.

Eksisterande utbygging langs fv 564 ligg i hovudsak på sørsida/vestsida av vegen. Det er føreslått fleire nye utbyggingsområde på motsett side av vegen. Dette vil truleg gje behov for trafikktryggingstiltak langs vegen, og nedsett fartsgrense kan verte ein konsekvens. Det vil redusere framkomelegheita på vegen, noko som vil vere til ulempe for næringsliv og busetjing nordover i kommunen. Fv 564 er hovudvegen i Meland i dag. På sikt er det frå kommunen si side skissert at den kan få ei større regional rolle gjennom Sambandet Vest. Vi stiller spørsmål ved om framlegg til ny kommuneplan i tilstrekkeleg grad tek omsyn til den transportfunksjonen fv 564 har i dag og kan få i framtida.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

### **Frekhaug**

Statens vegvesen rår til at område S1 vert teke ut av planen. For grunngeving, viser vi til brev sendt til Fylkesmannen. Trafikksikringstiltak gjennom sentrum kan også gje redusert framkomelegheit på fv 564. På sikt kan det utløyse behov for omlegging av fylkesvegen til annan trasé.

### **Mjåtveit**

Vi rår til at område N4 Mjåtveit vert teke ut av planframlegget. Området ligg på den sida av fv 564 som ikkje er tilrettelagt med gang- og sykkelveg. Ei utbygging her kan kome i konflikt med trafikktryggleiken og framkomelegheita på veggen.

Store deler av området B7 ligg innanfor byggegrensa på 50 meter langs fv 564. Det må påreknast at Statens vegvesen i samband med ny regulering av området vil halde fast på denne grensa. Området bør i plankartet avgrensast i samsvar med byggegrensa langs veg for å gje eit realistisk bilete av kva område det kan påreknast å kunne bygge i.

Vi rår i frå den viste samlokaliseringa av bustadområde B9 og næringsområde N3. Mjuka trafikantar som skal austover frå B9 i retning Frekhaug vil ha kortaste veg gjennom næringsområdet. Det vil kunne kome i konflikt med trafikktryggingsomsyn. Vi stiller spørsmål ved om område N3 er vurdert sett av til andre arealføremål som vil vere mindre i konflikt med bustadføremålet i B9, til dømes til offentleg eller privat tenesteyting. Dersom områda B9 og N3 begge vert oppretthaldne, rår vi til at det vert sett krav om felles planlegging av dei to områda for å sikre trygge gang- og sykkelvegar gjennom område N3 nordover til gang- og sykkelvegen langs fv 564 og austover til området B8.

### **Ryland/Vikebø/Rosland**

Vi stiller spørsmål ved kvifor områda B15 og I2 ikkje er del av omsynssona med krav til felles planlegging på Ryland. Føresegna om felles planlegging for H810\_4 Rydland er utforma som eit bør-krav. Det bør endrast til eit skal-krav for å vere eintydig.

### **Landsvik og Sambandet Vest**

I konsekvensutgreinga heiter det at næringsområda N13 og N14 berre vert realisert dersom Sambandet Vest vert etablert. Vegsambandet er ikkje konsekvensutgreia, og både trasé og tidsperspektiv er uavklara.

Framtidig vegtrasé må vere konsekvensutgreia for å kunne visast i plankartet. Vi rår også til at N13 og N14 vert tekne ut av planframlegget. Både moglege vegtraséar og framlegg til areal for næringsområde kan visast i eit temakart som ikkje er juridisk bindande.

### **Råstoffutvinning**

På Erstad og på Espetveit er det i dag steinuttak som det i planframlegget vert foreslått å utvide. Vi gjer merksam på at fylkesvegane som går forbi R1 Erstad og leier fram til R2 Espetveit har bruksklasse BkT8 og er såleis ikkje eigna for transport i samband med utvida steinuttak. Eventuell utviding av verksemda på Erstad, vil krevje utbetring av fv 244 på ei lenger strekning enn det som vert regulert i plan for Hoplandsdalen. Utviding av verksemda på Espetveit vil avhenge av utbetra fylkesvegar fram til kryss med kommunal veg. I tillegg til bruksklassen på fylkesvegane er det også problemstillingar knytt til trafikktryggleik langs fylkesvegane ved eventuell utvida drift i steinuttaka.

### **Meland kyrkje**

Ved Meland kyrkje er det sett av areal til grav og urnelund GU1. Vi rår til at denne vert trekt noko bort frå fylkesvegen. Ein buffer her vil etter vår vurdering vere ein fordel for både veganlegget og grav- og urnelunden.

### **Spreidd bustadutbygging**

Statens vegvesen rår til at område for nye bustader ved Rossland, også områda SB8 og SB9, vert viste som bustadområde med tilhøyrande plankrav. Området SB10 på Fløksand rår vi til at vert endra til område for spreidd eksisterande (SE). For grunngeving, sjå brev sendt til Fylkesmannen.

### **Støy**

Det er positivt at kommuneplanen inneheld føresegner knytt til raud og gul støysone. Det bør presiserast at føresegnene også gjeld for område som i samband med eventuelle nye støykartleggingar vert klassifisert som raud eller gul støysone, jamfør gjeldande retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging.

Planframlegget inneheld krav om støynivå under 55dB på leikeareal. Planen bør også innehalde tilsvarande støykrav for anna uteopphaldsareal.

Statens vegvesen rår til at det vert presisert at føresegner som omhandlar raud og gul støysone, samt krav til støynivå på leike- og uteopphaldsareal, gjeld framfor eldre reguleringsplanar. Av omsyn til helse og livskvalitet bør støykrava også gjelde for vidare utbygging i allereie regulerte område.

### **Parkering**

Vi stiller spørsmål ved kvifor det ikkje er sett krav om sykkelparkering for rekkehus med 4 eller færre einingar og for skuleborn under 8 år. Statens vegvesen har saman med Trygg trafikk, HelseDirektoratet, Syklistenes landsforening og Foreldreutvalget for grunnopplæring nyleg gjeve ut ein brosjyre der foreldre vert oppfordra til å sykle saman med borna til skulen. Dette rådet gjeld også for dei yngste borna. Krav til sykkelparkering ved skular bør ta utgangspunkt i samla tal elevar.<sup>1</sup>

Kravet om 0,2 plassar per elev legg til rette for at 20 % av skuleborna kan sykle til skulen. Det er eit nasjonalt mål at 80 % av barn og unge skal gå eller sykle til skulen. Det bør etter vårt syn leggest til rette for ein vesentleg høgare sykkelandel enn 20 % ved skulane i Meland.

Statens vegvesen rår til at både minstekrav og maksimalkrav til parkering for bustader vert redusert. Tilrettelegging for inntil 2 parkeringsplassar for bil i tilknytning til kvar nye bustadeining i kommunen vil kunne kome i konflikt med målet om at veksten i persontransporten i Bergensområdet framover skal skje i form av gåing, sykling og kollektivtransport

### **Veglova og rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser**

I innleiinga i dokumentet med føresegner er rammeplanen for avkøyrslar og byggjegranser omtala som under arbeid. Ny *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest 2013-2016* vart vedteken av Hordaland fylkeskommune i 2013.

<sup>1</sup> [http://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2014/05/Sykletilskolen\\_brosjyre.pdf](http://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2014/05/Sykletilskolen_brosjyre.pdf)

Innleiinga viser kort til veglova. Vi rår til at det vert opplyst om at den m.a. omhandlar byggegrense langs offentleg veg, og at dei grensene også gjeld for landbruk-, natur- og friluftsområde lagt ut til spreidd busetnad (spreidd eksisterande - SE) i planframlegget.

#### **Andre merknader verdørande føresegner**

Siste kulepunkt i føresegn 1.4 omhandlar krav til gang- og sykkelveg til næraste skule. Setninga er ufullstendig og gjev rom for tolking. Vi legg til grunn utgangspunktet er eit krav om at gang- og sykkelveg skal vere etablert til næraste skule før nye bustadområde kan takast i bruk. Det bør kome klart fram av føresegnene.

Første kulepunkt i føresegn 1.6: Vi gjer merksam på at handbok 017 har endra namn til *N100 Veg- og gateutforming* og at rammeplanen omhandlar både avkøyrslar og byggegrenser.

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing

  
Sindre Lillebø  
seksjonssjef

  
Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland (e-post)  
Hordaland fylkeskommune (e-post)